

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FA-M42, TI-&00	20/490

Saknr	Utval	Type	Dato
087/2020	Formannskapet	PS	12.10.2020

Framlegg til ny forskrift for slamtømming for NGIR-området

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Gjeldande	30.09.2020
Ny forskrift	30.09.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune legg framlegg til ny forskrift for slamtømming ut på offentlig høyring.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Gjeldande forskrift for slamtømming vart vedteken av Masfjorden kommune 13.05.04. Denne er felles for alle kommunar i NGIR.

Nyoppretta Alver kommune må vedta forskrift om slamtømming innan eitt år etter etablering. NGIR ser det då som mest hensiktsmessig å utarbeide ei ny forskrift gjeldande for heile NGIR-området.

Administrasjonen i kommunane tilknytt NGIR har delteke i utforminga av forskrifta.

I samsvar med forvaltningslova kap. VII skal framlegg til ny forskrift leggest ut på høyring innan den vert vedteken.

Det er planlagt at forskrifta skal tre i kraft 01.01.2021.

Fakta

Forskrift for slamtømming er ei lokal forskrift som omhandlar tømming, transport og handsaming av slam og sanitært avløpsvatn frå private og kommunale slamanlegg (slamavskiljarar).

Forskrifta er heimla i «Lov om vern av forurensinger og om avfall (forurensingsloven)» §26, 3. ledd,

§30 2. og 3. ledd og §34.

I hovudsak er følgjande endringar føreslegne i den nye forskrifta:

· Kven forskrifta gjeld for (§4):

Kapasitet for anlegg som kjem inn under den tvungne slamtømmeordninga er auka frå 15 til 50 personekvivalentar (PE). Dette samsvarar med storleik på utslepp i forureiningsforskrifta kap. 12: «Krav til utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande».

· Minireinseanlegg er teke inn i slamtømmeordninga (§5):

I dag er det anleggsleverandør som utfører dette som ein del av pålagt serviceavtale. Vil verte rimelegare for abonnent om det går i gjennom den ordinære slamtømmeordninga. Tømmeintervall må utarbeidast av anleggsleverandør.

· Definisjon av «køyrbar veg» (§8):

Krav til vegbreidde, akseltrykk m.m. for at tømmebil skal vere sikra tilkomst.

· Abonnentar tilknytt private fellesanlegg (§9):

Tidlegare har det vore uklart om det er eigar (dvs. utbygger), eller dei som er tilknytt avløpsanlegget som skal krevjast for gebyr. Gulen kommune har ikkje konsekvent praksis på dette. Ved å fakturere direkte dei som er tilknytt anlegget vil eigar sleppe å fordele / krevje inn gebyret. Samla kostnad for abonnentane vil verte noko større.

· Fritak for slamtømming (§10):

Nærare presisering av vilkår for fritak, m.a at stoppekran for vassforsyning skal plomberast.

· Klage på enkeltvedtak (§11):

I samsvar med forvaltningslova skal klage på vedtak sendast det organet som har fatta vedtaket. Det kan vere naturleg at Masfjorden kommune delegerar mynde til NGIR til å gje fritak for slamtømming tilsvarende mynde dei allereie har for renovasjon. All administrasjon av slamtømmeordninga vil då vere delegert til NGIR.

Slik administrasjonen ser det er ny forskrift for slamtømming meir i samsvar med krava i forureiningsforskrifta. Den definerar og betre kva som inngår i slamtømmetenesta og krav til kommunen / abonnent, enn gjeldande forskrift.

Det vil vere mest hensiktsmessig for Masfjorden kommune at det framleis er ei felles forskrift for kommunane tilknytt NGIR.

Konklusjon

Masfjorden kommune legg framlegg til ny forskrift for slamtømming ut på offentleg høyring.

Formannskapet - 087/2020

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune legg framlegg til ny forskrift for slamtømming ut på offentleg høyring.